

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 26.03.03 **Tid:** 14.30-19.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Pedagogisk konsulent var med under handsaminga av sak: 10/03 og 15/03.

Kulturkonsulent under sak: 12-14/03, og Ass.admsjef under heile møtet

**Merknader:** Sigmund Dyrhovden gjekk ifrå før handsaming av sak 12/03 og tilbake til handsaminga av 13/03. Liv Berit Khadoor gjekk ifrå etter handsaming av sak 13/03.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. mars 200323. mars 2012

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent med tilleggssak 15/03.

Sak 11/03 vart handsama først, deretter vart sak 10/03 og 15/03 handsama.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent med følgjande merknad. Sak 04/03: Helsereiser til Kypros vart ikkje samrøystes vedteke som det går fram av protokollen, men vedteke med 6 mot 1 røyst.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Helge Reistad stilte spørsmål om at Kommunestyret skal få handsama SFO-satsane på nytt allereie den 10. april. Utvalet slutta seg til at PØ får saka til møtet 31.03.03, og sender den vidare til kommunestyret.

Eva Hellevang stilte spørsmål om kommunen kan ta imot ein familie frå Irak i stadenfor Afghanistan. Utvalet slutta seg til dette.

Hellevang informerte om prosjektmidlar frå UDI til prosjektet: "Skule - arbeid, for flyktningar i Samnanger".

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:***Stolpane skulehus:*

Søknad om å flytte Stolpane skulehus til Ådland vert handsama på neste møte. Det vert synfaring på Ådland og gardstunet på Nordvik før handsaminga.

*Mandat "mobbeplan":*

Mandatet for arbeidsgruppa med "mobbeplanen" vert primært i høve til skule og barnehage, men at den og skal innehalde ein generell del som må kunne nyttast på alle arbeidsplassane i kommunen. Elevrådet skal verte trekt med i arbeidet under vegs i gruppa sitt arbeid.

*Legevaktsamarbeidet:* Legane i Samnanger går ikkje inn for spørsmål frå Fusa kommune om legevaktsamarbeid etter kl. 19.00 på kvardagar. Ordninga ville gjeve Samnanger kommune ei årleg innsparing på kr. 700.000,-. Utvalet oppmoder om at legevaktordninga vert prøvd som ei prøveordning, dersom det gjev store innsparingar.

*Uttale frå oppvekst og omsorg til PØ om Skule og barnehagestrukturen:*

To av medlemmene i utvalet slutta seg til Kristian Jørgensen sitt forslag: "Oppvekst og omsorg ynskjer at det blir fremma ei sak for kommunestyret, der det blir vurdert eit tettare samarbeid mellom Gjerde og Nordbygda skular. Oppheve kringsgrensene og meir samla administrasjon, meir samla spesialundervisning og samanslåing av klassar. Kva kan me spara økonomisk? Kan me få ein betre skule? Desse tiltaka bør vurderast før alternativ B blir igangsett.

Fem av medlemmene slutta seg til Heidi Fossdal sitt forslag, som vart vedteke: "Det vert oppretta ei arbeidsgruppe(foreldre, politikarar og representantar frå skule/barnehage) som vurderar både det pedagogiske og økonomiske. Gruppa arbeidar ikkje med eit av alternativa, men ser heile skulebarnehage strukturen under eit."

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0010/03	03/00069	<b>Unntatt offentlighet §6 ELEVFORHOLD.</b>
0011/03	00/00306	<b>TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE</b>
0012/03	03/00056	<b>KULTURMIDLAR 2003. TILDELING</b>
0013/03	02/00030	<b>NEDLEGGING AV BIBLIOTEKFILIALEN VED NORDBYGDA SKULE</b>
0014/03	03/00132	<b>SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER.</b>
0015/03	03/00069	<b>Unntatt offentlighet §6 ELEVFORHOLD.</b>

0011/03

**TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE****Framlegg til vedtak::**

Trafikksikringsplan for Samnanger kommune vert lagt ut til offentlig høyring slik den ligg føre, og sendt til uttale jfr. PBL § 20-5. Planen vert handsama i utvalet 21.05.03 og kommunestyret 12.05.03.

**Handsaming i møte:**

Nye punkt som må innarbeidas i planen: Veglys i Mørkhølen og Beinavika, ved busstopp ved RV 7, samt redusere fartsgrensa på Sævild og Eikedalen. Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Trafikksikringsplan for Samnanger kommune vert lagt ut til offentlig høyring slik den ligg føre med nye vedteke punkt, og sendt til uttale jfr. PBL § 20-5. Planen vert handsama i utvalet 21.05.03 og kommunestyret 12.06.03.

0012/03

**KULTURMIDLAR 2003. TILDELING****Framlegg til vedtak::**

Saka vert som vanleg lagt fram utan tilråding.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

<b>VEDTEKE KULTURMIDLAR 2003</b>	
Namn på søkjar	Tildelt
<b>1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk</b>	
Tysse/Nordbygda musikklag	20 000
Samnanger skulemusikklag	15 000
Samnanger barnekor	3 000
Frøydis Tøsse, Turnetilskot	1 000
"Kulturelle skulesekken"	9 000
Sum	48 000
<b>1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid</b>	
Samnanger idrettslag	75 000
Sponsorstøtte til fotballdrakter	

Tysse skyttarlag	8 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	5 000
Samnanger Sportskytterlag	00
Sum	88 000
<b>1.1500.2310.4701: Tilskot barne og ungdomsarbeid</b>	
Nordbygda ul.	32 000
Chanty	7 000
Arbeidstove, Nordbygda	1 000
URD	2 000
Ten-Treff	1 000
Samnanger jentelag	1 000
Samnanger gutalag	1 000
Samnanger søndagsskulelag	1 000
Sum	46 000
<b>1.1500.3851.4701: Tilskot til forsamlingshus</b>	
Nordbygda ul.	12 000
I/S Vonheim	7 000
URD ul.	2 000
Tveit ul.	2 000
Samnanger indremisjon	2 000
Samnanger Røde Kors	2 000
Sum	27 000
<b>1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål</b>	
Røde Kors, Besøksteneste	3 000
Samnanger Røde Kors	2 000
Samnanger historielag	3 000
Vonheim Revy og Teaterlag	3 000
Samnanger Pensjonistlag	2 000
Samnanger mållag	2 000
Ytre Tysse Vel	2 000
Rolvsvåg Turlag	1 000
Hordakappleiken	0
Blindeforbundet	0
Stian Hammersland EM-fotball	1 000
	19 000

0013/03

**NEDLEGGING AV BIBLIOTEKFILIALEN VED NORDBYGDA SKULE****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune legg ned bibliotekfilialen ved Nordbygda skule. Folkebiblioteket legg bokkatalogen ut på internett slik at låntakarane kan bestilla bøker der.

**Handsaming i møte:**

Felles tilleggsframlegg til tilrådinga: ”Samnanger kommune vil satsa på eit sentralt bibliotek for kommunen. Om dette fortsett blir på kommunehuset på Tysse må det straks tilretteleggast for rørslehemma. I denne samanheng må og andre plasseringar vurderast. Elles sluttar utvalet seg til tilrådinga frå administrasjonen.”

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Samnanger kommune legg ned bibliotekfilialen ved Nordbygda skule. Folkebiblioteket legg bokkatalogen ut på internett slik at låntakarane kan bestilla bøker der.

Samnanger kommune vil satsa på eit sentralt bibliotek for kommunen. Om dette fortsett blir på kommunehuset på Tyss, må det straks tilretteleggast for rørslehemma. I denne samanheng må og andre plasseringar vurderast. Elles sluttar utvalet seg til tilrådinga frå administrasjonen.

0014/03

**SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER.****Framlegg til vedtak::**

Grunna den vanskelege økonomiske stoda i kommunen, kan ein ikkje rå til at det vert sett igong arbeid med framhald av slektssoga for Samnanger.

**Handsaming i møte:**

Fellesframlegg: ”Oppvekst og omsorg går inn for at Kvåle får å setje i gong med framhald av slektssoga for Samnanger i 2004. Administrasjonen må utarbeide avtale med forfattaren.

Utvalet oppmoder PØ til å finne midlar til prosjektet.”

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Oppvekst og omsorg går inn for at Kvåle får å setje i gong med framhald av slektssoga for Samnanger i 2004. Administrasjonen må utarbeide avtale med forfattaren. Utvalet oppmoder PØ til å finne midlar til prosjektet.